

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 4 2014

Jone Bryne plass

Side 6

Sjakk

Side 10-11

Julekonsert

Side 12

4H Haustfest

Side 16-17

Julegrana tennes

Side 31



Pokaler frå Stavanger Open

Side 4-5



Mjukt på Misjen

Fantomsmarter heiter det på fagspråket. Kvar jul når Fold det gamle merket ut blir sunge, kjenner eg noko som klemmer mot venstre armen min. Smerter i venstre armen kan vera skummelt for ein vaksen mann. Men ikkje i dette tilfellet.

Eg er i ein alder som gjer at eg ikkje nødvendigvis sit på guterommet med capsen bak fram og høyrer på hip-hop medan eg drikk Red Bull og knaskar tortilla med avocado-dip. Det er nok biologiske årsaker til at det er kolossalt freistande å heller mimra om tidlegare festlege tider, i staden for å kommentera det meiningslause som skjer i no-tida.

Denne gongen blir det mimring. Av to grunnar. For det første var eg til stades og vart inspirert då Leif te Larse tidlegare i haust var i Lensmannsløa og mimra om korleis det var å veksa opp på Varhaug på 50-talet. Lokalet var heilt sprengfullt av mimrande og humrande bygdafolk. Det hadde ikkje kome meir folk om representantar frå Engleskulen hadde greidd å fiksa eit songarstemne med Jim Reeves og Johnny Cash under bjelkane i den gjæve driftsbygningen.

For det andre: Det er viktig at tidsvitna tek bladet frå munnen og fortel kor heftig og lada det var. Juletreffesten på Varhaug Misjonshus andredag jul var meir enn konservativ raudbrus, kakemennar med røyserett og israelske appelsinar. Det var årets høgdepunkt og datidas sjekkearena nummer ein. Det var til og med folk frå andre

bygder på Jæren som baska seg veg i retning Varhaug med hjelp av piperøykande, dresskledded fedrar i Ford Taunus 12m eller Opel Rekord 1700. I ei tid der alle bilar sleit med redusert vasspumpeeffekt, dehydrert varmeapparat og diagonal rådebanks, baska folk og farkostar seg gjennom snøfokk langs mørklagde vegar og like fram til det næraste jærbuen kunne koma julekrybba i Betlehem; det grisne, grøne, glitrande og dryssande sitkagrantræet på Varhaug Misjonshus.

Vi skal tilbake til onsdag 26. desember 1973. Det første eg, som elleveåring la merke til når eg steig innføre, var lyden frå herretoalettet som låg inn til venstre. Ikkje plent taffelmusikk eller himmelske tonar frå gildeharper, men ein alltid til stades-verande sjoe-lyd frå urinalen. Lyden forsvann ikkje frå gangen før etter ombygginga av Misjen dryge ti år seinare. Lukta i gangen på Varhaug Misjonshus 26. desember 1973 var meir himmelsk. Ein blend av konservert andreklasses førsteslåt silofôr med innslag av feilgjæring og smørsyre. Ei Asbjørnsens Eventyrblanding av luta halm, nypolert linoleum, fuktige poplinskåper, hårvatn, Gul Mix, Blå Rose og Old Spice. Litt lenger inn i gangen, der to av komitémedlemmene sat og tok

imot inngangspengane, stod gjerne døra til kjøkkenet litt på gløtt. Der blanda surförmixen seg med kokekaffien som alt stod og putra på komfyren. Konene på kjøkkenet hadde kokt kaffi før. No var dei i farten for å få alt i stand før

matpausen. Ansikta var hektisk raude, utan kunstige tilsetningar frå Lôreal. Foreiningskonene hadde erstatta finiskor med heimasmidde, sklisikre tøflar. Over festkjolen, som vart kjøpt hjå IT i 1964, hadde dei kvitt høgtidsforklede med handbrodert hardangersaum.

Møtesalen var på 2. juledag fullstendig ommøblert. Forventningane steig i takt med pulsen etter kvart som festlyden skreid småpratande inn og folk retta på kjolefaldar og buksepress, nikka til dei Skretting og dei Odland og til Ådne på Toppen, og rutla seg på plass med drusne konerumper og strame slipsknutar. Stolane var plassert langs ytterkantane, med nokre fleire rekker i sidesalen og i baksalen. I midten var det ein open plass der træet vart plassert etter pausen og kunngjeringane. Det var der det skulle gå føre seg. Etter opninga, julesangen, talen og I Jesu namn med juletonen og kafipausen.

Juletrengang på 2. dag var den dagen i året det kunne ta heilt av på Misjen. Det som føregjekk etter at folk hadde danna minst fire ringar rundt sitkagrana, kunne få eit oppglødd sommarstemne i Sarons Dal til å minna mest om eit kveldssvævd møte i forstandarskapet i Varhaug Sparebank. Unge Einar te Gudrun og Eldor sette seg til pianoet og slo laust eit par englesong-akkordar, så var bygdefolk og anna godtfolk frå stille grender mellom Horpestad og Vatnamot i full juletrengang.

Glade jul så gildt. Eg var elleve, men jublande glad kvar julekveld, og meir enn stor nok til å leggja merke til saker og ting. Det hev ei rosa sprunge. Folk byrja å siga rundt træet med andakt og

alvor. No vandrar ein kvar Varhaugbu frå bygdas avkrokar i ånden frem, mens den eldste generasjonen sat på stolane i framskotne posisjonar for å om mogleg legge merke til nye konstallasjonar som det med tid og stunder kunne bli fleire born av - i tillegg til barnet i krybba som englane og forsamlinga hylla i glidande sirklar rundt træet.

Å kunne jeg bare bli barn igjen. Mens dei yngre generasjonane leika seg rundt den pynta grana med optimistisk 70-tals nylon kring føter og legger, sat dei gamle på tå hev. Koner med hårnett og to par briller på nasen delte kamferdrops seg i mellom, peika med krokete fingrar og kviskra til kvarandre, sjølv om dei ikkje kunne kviskra. Diskresjon var ikkje eit kompetansekrav for å vera med på juletreffest på Varhaug i 1973. Eldre menn med oppspart hår, gikt og røykesug, skrapa utolmodig med føtene mot linoleumen og nytta høvet til å selja eit halvtjug smågris, ei nybær kvige og to hiv med luta halm. Transporten kunne ordnast på staden. Lastebileigarane Kornelius på Komlavodl, Arne Fuglestad og Einar i Hållå var til stades på andredagsjuletreffesten.

Sjoe-lyden frå urinalen ute i gangen kunne ikkje lenger høyrast. No var det O jul med din glede som løfta taket i møtesalen. Så rekker jeg deg nu med glede og lett nervøsitet min sveitte hånd. Det ble knyttet kjærlihets bånd rundt træet. Sekundantane på sidene retta på hårnetta, knaska Kongen av Danmark frå Brynhilds og klemde nervøst appelsinskala i servietten saman til oransje snøballar, medan julebrusen steig, og folk venta på songen med stor S.

Løft ditt blikk du ungdomsflokk se korsets tegn. Flammende på himlen over jordens egn. Fold det gamle merket ut. Det var omtrent på dette tidspunktet at ungdom i alle aldrar falda seg ut i glede og lyst rundt den svaiaende grana på Misjen. Det glitra i hårpynt, norske flagg og amerikanske julekuler. Konene backstage pussa

brilleglas og retta på giktbrotna ryggar. Som ved eit magisk trylleslag vart det brått anstendig å gå arm i arm i staden for hand i hand rundt nåletreet. Gleda over hendinga i Bethlehem blanda seg med langt meir verdslege kjensler. No galdt det om å halda maska, hugsa teksten, finna takten og å halda seg på føtene i lokalet kor ventilasjonskapasiteten vart sprengt under bordverset, som ein kinaputt på galleriet.

Andredagsjuletreffesten i 1973 sit som ein nellikspiker i minnet mitt. Eg var elleve år, liten og fjørlett. I same augneblinken som Einar te Gudrun og Eldor hamra tonane til Fold det gamle merket ut på pianotangentane, vart eg gripen i armen av ei eldre dama på over tjue år. Ho hadde blå, kort kjole og høg permanent med sensuelle svarter hårlokkar som dingla som julepynt nedanfor øyreflippene. I tillegg hadde ho ein daud mink rundt halsen, kulørte negler og var tungt parfymert. Ho må ha vore frå Horpestad eller Fosse.

- Det skal drive ungdomsmotet fram med kraft, song ho med ru røyst og trekte i ein brå rykk venstrearmen min framover og opp. Eg vart gåande på tærne i dei vonde finsko som mor hadde kjøpt to nummer for store hos Rakel Lerbrekk. Eg vart skvisa inn mot kroppen til dama og vart som eit ekstra vedheng til handveska som ho hadde dinglande på olbogen. Å halde balansen og å stå på egne føter vart nærast umogleg. Men det var ikkje det verste for ein hjelpelaus elleveåring i ei framand kvinnes famntak. Mens merket vart falda ut, vart armen min låst fast i ein superpinleg klem mot eine vedunderlege brystet hennar. Å prøva å trekkja seg unna var umogleg. Eg var ein liten mygg. Ho var raust utstyrt, sterk i klypa og fullstendig oppslukt av ein stasjonsungdom som gjekk framføre henne.

Det var varmt og det var svimlande mjukt.

Det var andredagsjuletreffest på Varhaug Misjonshus i 1973.

Sjur Håland

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykel klubb.

Styret for Varhaugbuen er: Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Brit Obrestad, Vennelaget Lerbrekk skule

Sekretær

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Styremedlem

Aud Bratland Bø, bygdekvinnelaget

Styremedlem

Olav Varhaug, Bygdeungdomslaget

Varamedlem

Halldis Lie Byberg, skulekorpset

Varamedlem

Runar Odland, bondelaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still og einsam ro.

og graset legg om namnlaus grav ein gløymleklednad god.

Men ein og annan merkestein held fast eit minne enn der han står vakt om deira bein som levde i vår grennd "



HURRA for korpset

Etter mye øving, reiste vi laurdag 8. november for å delta i underholdnings konkurransen STAVANGER OPEN for andre år på råd. Og stolt kan vi nå juble: Vi vant vår divisjon med 96 poeng av 100 mulige.

Og ikke nok med det. Det var og konkurranse for beste sceneopptreden i salen, der vi spilte sammen med 16 andre korps, og sannelig fikk vi her pokal for en 3. plass. Gjett om vi var glade, tenke å komme tilbake til Varhaug med 2 pokaler!

Vi fikk mange lovord fra dommerpanelet over spilleglede og innsats. Igjen HURRA for korpset vårt på Varhaug!

Etter den dagen i Stavanger, har vi nå fått føttene godt plantet ned på landjorda igjen, og nå gleder vi oss til å spille i bygda vår. Vi starter ved tenning av julegrana på torget fredag 28. november, før vi går ned til Stuelandbygget for å spille der og så er det julaften i kirken.

I oktober hadde vi vårt årlige griselotteri. Tusen takk til alle dere som kjøpte lodd, og tok godt i mot loddselgerne.

Å drive korps koster....Det trengs dyre instrumenter, uniformer, noter osv. I tillegg trengs det penger til å delta i slike konkurranser som vi akkurat har vært med på, seminar, sosiale turer osv. En gang i året sender vi ut giro der hvor dere som ønsker det kan gi oss et bidrag, som vi

blir veldig takknemlige for.

Er det noen som ønsker at korpset skal spille ved arrangement, så ta gjerne kontakt med styret, så ser vi hva vi får til. Vi ønsker i gi noe tilbake, og stiller gjerne opp og stiller for bygda vår.

Vi har også begynt å se på vårsongen 2015. Tror også det skal bli et kjekt halvår for musikantene.

Under Varhaugmarken 2015 skal vi i samarbeid med Vennelaget i Lensmannsgarden, arrangere loppemarked. Så er det bare å rydde i skuffer og skap. (Sjå info om dette annet sted i bladet).

Å spille i korps gir mye, du får nye venner, lærer å spille og får delta på mye kjekt. Derfor er vi glade for at vi denne høsten har 4 nye aspiranter + at vi har fått en ny musikanter i hovedkorpset. Men vi har fortsatt plass til flere, så bare ta kontakt dersom det er noen som har lyst å begynne.

Hilsen styret i Varhaug skulemusikkorps v/Halldis Byberg



Her er nokre kommentarer frå dommarane:

Dommer PK Svensen

Caravan: Kjempeflott åpning på konserten. Dette svinger skikkelig. Dyktige musikanter som spiller stilistisk riktig og bra sammen. Lekkert!

The Girl: Her også har dere det gøy! Svinger skikkelig. Flinke solister. Veldig bra tilrettelagt arrangement, dere utnytter virkelig alle musikantene maksimalt.

Cocinado: Kjempeimponert over hvor smart tilrettelagt dirigenten har gjort programmet deres. Dere er få musikanter, men alle bidrar og dere later som dere er mange fordi alle spiller og tar ansvar. Dette svinger skikkelig og er kjempeflott å høre på. Gratulerer med flott konsert, gjennomført og flott stilistisk spill. Bravo!

Scenedommer: Anne Kristin Larsen og Jan Fossheim

Stilig åpning. Her er det mangfold. Flott låtvalg for korpset. Dere sjarmerte utrolig ved deres opptreden. Dere har en fantastisk spilleglede. Dere er gode, allsidige og har godt humør på scenen. Dere har jammen sett muligheter ved å bruke så mange forskjellige instrumenter og elementer i framføringen. Tusen hjertelig takk for denne konserten. Vi er IMPONERT! You made may day. Få på scenen, men dere gjorde mye ut av dere. Her måtte alle beherske rytmeinstrumenter – og det gjorde dere. Morsomt med elbass. Fin sang. Levende notestativ gjorde seg. Ser ut som dere koser dere på scenen. Veldig underholdende gjeng – merket nesten ikke at dere var så få. Vi koste oss med rytmer og sang. Dere er et eksempel på at less is more!



Frå redaksjonen

Som lesarane nok vil sjå, så er det mykje om korps i dette nummeret. Varhaug skulemusikkorps er med-eigar i Varhaugbuen, og etter den flotte innsatsen dei gjorde i Stavanger Open, vil bladet og vera med i skrytegruppa.

Dei som var med på konserten var: Hanna Tomine Bergersen og Thea Lerbrekk, trompet. Maren Aanestad, saxofon. Ole Elias Bergersen og Signe Byberg, trombone. Mary Ueland, bassgitar og Solveig Bergersen, trommer/song. Dirigent Lars Ole Bergersen.

Elles så eg veldig glad for at det kom 30 stk på møtet om Varhaugmarken den 11. november. Det lovar godt for neste år.

Nå er snart dette året og til ende. Ei veke etter siste nummer av bladet kjem ut, skriv me desember. Og då plar det gå med raserfart mot jul.

Eg trivs veldig godt med arbeidet med bladet, og ekstra gildt er at så mange utan bygds vil abonnere på det.

Eg vil ynskja alle som har levert bidrag til bladet gjennom året, alle annonsørane og alle lesarane ei fin julehelg og eit godt nytt år.



Jone Bryne Plass

På Bryne har dei Kaizers plass, og nå har me på Varhaug fått Jone Bryne Plass.

Litt om Jone Bryne. Han 63 år og kjem frå Klepp. Han er utdanna formingslærer, og arbeide eit år på Sandnes Ungdomsskule. Men Jone fann ut at dette ikkje var rette plassen, så han tok til å snekra, og planen var å verta lærar på yrkesskulen. Han gifta seg med Kari frå Varhaug, og dei flytta inn i nytt hus på Kåsen i 1978. Men det er ikkje alltid at planane vert slik ein tenker. Einaste bror til Kari, dreiv heimegarden på Tjelmsenga, til han omkom i ei arbeidsulukke. Då flytta Kari og Jone til Varhaug for å ta over garden og det er slik folk flest kjenner Jone; som bonde på Tjelmsenga.

Då dottera, Linn Karin, begynte i 4H, vart og foreldra engasjerte der. Det er særleg arbeidet Jone har gjort i samband med plastinnsamlinga, som har sett spor etter seg.

Jone er ein beskjeden mann, som ikkje vil ha så mykje blest om seg sjølv. «Me er mange som har vore med på plasten» seier Jone. Det er rett, men Jone har halde på i 17 år, og det er lenge sidan dottera vart vaksen og slutta i 4H.



På eit styremøte i 4H vart det diskutert koss dei kunne få takka Jone nok for denne innsatsen. «Me kan kalla opp ein veg etter han», var eit forslag frå ungane. Alle visste jo e at det ikkje gjekk, men eit skilt på plassen for plastinnsamlinga, måtte vel gå an. Dei fekk JA frå Felleesen, skilt vart bestilt og ein ganske paff og litt flau Jone fekk veta om det på Hausfesten. Laurdag 9. november var siste innsamlinga av plast i år, og Kristin og May Helen kom med kaker og kaffi. Skiltet vart høgtidsamt avduka, og dei som leverte plasten tykte vel om både prisen og maten som vart servert.

Sjølv seier Jone det slik om plastinnsamlinga: «Det er ein vinn/vinn situasjon. Bøndene vert kvitt plasten, og 4H får inntekter til klubben»

Eg vil for eigen del og gje honnør til Jone. Han har i tillegg til plastinnsamlinga vore kasserar i styret for Internatet i mange år, og i fjor gjekk han ut av styret i Varhaugbuen, og som kasserar, etter å ha vore med frå starten i 2005! Begge deler som representant for 4H.

Liv.



Hå karateklubb



Treningssteder: Hå Karateklubb har nå treningstilbud både ved Varhaug Skule (mandag og onsdag), Bø Skule (tirsdag og torsdag) og Vigre Skule (mandag og torsdag). Klubben har ca. 80 medlemmer som trener jevnlig, og nybegynnere er velkommen når nye grupper starter opp i januar.

Barnefestival Kampsport i Stavanger: Lørdag 13. september deltok en del av klubbens medlemmer mellom 6 og 12 år på denne. De som var med syntes dette var veldig bra!

Vestlandscup Sveio: Lørdag 25. september deltok 6 av klubbens medlemmer her. Brian og Livar Vigre, Kristoffer Olsen, Roy Andre Austrått, Gediminas og Juranas Sablinskas. Sensei Audrone var dommer og flere av de som deltok kom på pallen etter meget god innsats på matta!

Cup i Mandal: 16 av klubbens medlemmer reiste til Mandal. Glade medlemmer med medaljer (bilde), flere av dem deltok i konkurranse for første gang. (bilde fra Mandal). Sensei Audrone Sirokova og Rasmus Vigre deltok som dommere i Mandal (bilde av dommerne)



Gradering høsten 2014: Det blir gradering 8. og 10. desember på Varhaug Skule i gymsalen kl.18.00 – 21.00:

Mandag 8. desember: Gardering for voksne og de som skal ta fra orange belte og oppover (alle). Onsdag 10. desember blir det gardering for de som skal ta hvite og gule belter. Har du lyst til å se hvordan dette foregår, er det bare å komme. Ellers håper vi flest mulig foreldre og søsken vil komme å se på.

Styret i Hå Karateklubb.



15år
1999 - 2014

30%
på alt lagerført
småutstyr frem til jul



Vi har også diverse småutstyr og
kjempegode håndkle



Opstadvegen 621, Varhaug
Tlf. 51 79 83 10

Åpningstider
Mandag til fredag 08.00-16.00
Lørdag stengt

Sykkelklubben

Selv om sykling kanskje ikke er det første folk tenker på når man skriver november måned og været er småkjølig og surt, er det fortsatt aktivitet i Varhaug Sykkelklubb. Hver tirsdag klokka 18 stiller det folk opp ved SI-Bygg sine lokaler, og på torsdagene kjøres det intervall i Hålandsbakken klokka 18. På disse treningene er alle velkomne!

VSK har samarbeid med VarhaugsPulsen, og alle klubbmedlemmer får spesialpriser på treningssenteret. Kan f.eks nevne XRCycling på onsdager klokka 18.35. Da brukes det storskjerm slik at man får en følelse av å delta i rittet som vises.

2014 har vært en god sykkelsesong med strålende vær i store deler av sommerhalvåret. Det har deltatt mange VSKere i de lokale rittene, men det er alltid plass til flere. Å sykle ritt er veldig gøy, så det kan anbefales til alle som ikke har prøvd ennå!

Planleggingen av 2015-sesongen er i gang. Årsmøtet blir arrangert utpå nyåret, og det er også planer om en klubbkveld med spennende temaer i løpet av vinteren. Følg med på Facebook eller på hjemmesida vår!

Vil også nytte anledningen til å takke sponsorene våre for støtten. Dere er viktige for oss!!

Trond Atle Olsen, leder VSK



I august stilte VSK med to lag på lagtemporitt som ble arrangert av Nærbo SK.

F.v.: Trond Atle Olsen, Jostein Husveg, Einar O. Moi, Rune Skeie, André Ueland og Kenneth Ueland. (Foto: Astrid Topdal)

Nytt fra Misjonshuset



Tida renn av garde

Snart er det jul att. Men før jula så tenner me lys og syng jula inn. Det er eit stort arrangement, med korpset og alle kora på misjonshuset. Tidspunkt er søndag 14. desember kl 1800. Velkommen alle i hop.

Og eldrelaget inviterer til middag for dei over 60 søndag 21. desember kl 1300. Der er det påmelding!

Julemessene er ei stor inntektskilde for misjonsorganisasjonane, og når bladet kjem i postkassen er dei blitt historie. Takk til dykk som har støtta opp også i år.

Ungdomslaget vil ha den årlege anendagsfesten 26. desember, og så vert det nyttårsfest der det er påmelding for å kunne delta.

Elles har søndagsskulen sin juletefest 3.dag jul (27 desember).

Og når ein har kome inn i 2015, så vert Auestadbasaren halde på laurdag 3. januar, no er det slutt på at den alltid var 6. januar!

I oktober vart det for mykje vatn i Trekløveren barnehage,- og medan dei reparerer vasskaden, kjem barnehagen til å vera i kjellaren på misjonshuset. Speidaren har tømt roma sine og ein har ordna toaletta og andre rom slik at det skal gå an å huse barnehagen på ein brukbar måte dei to-tre månadene ein reknar med at renoveringa tek.

Tida renn av garde og snart er det vår att,- og konfirmasjonar. Dersom de skal ha konfirmasjon og ikkje har tinga lokale er det enno mulig å leiga rom på misjonshuset. Andre helga i mai er det heilt ledig, medan første helga er det plass dersom ein har catering og berre treng eit lite kjøkken.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på nettsida til Misjons-

huset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Eg gjer merksam på kontortida på misjonshuset måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er no berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå nettsida til misjonshuset.

E-post kan sendast til:
post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Varhaug Serviscenter AS
Tlf. 51 43 02 33 - 43 60 Varhaug
www.varhaug-serviscenter.no



**Varhaug
Park & Hage**

Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS
Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Tredje største sjakkklubb i Rogaland

Skulesjakk blomstrar fortsatt på Varhaug og Vigrestad.

På Vigrestad spiller me sjakk på torsdagar kl. 1730-1845 på ”kulturtorget Vigrestad” som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen. Oppstart var 18. september,- og her har det vært en tre-fire nye kvar gong. No er det 19 som spiller fast på Vigrestad,- frå Brusand, Oгна, Nærbø og Vigrestad.

På Varhaug spiller me tysdagar kl 1730 – 1845, og spelestad er «stadlen» på lensmannsløa. Me starta opp 16. september, og då det vart kollisjon mellom sjakk og fotballkampar, så fekk me onsdagane på skulen for dei eldste. Der kunne dei trenast på notering med tanke på NM som vart halde i helga 14-16.november på Forus.

Det er no mange som vil prøva seg på oppgåvene ein har, bronsespringaren, søkvspringaren og gullspringaren. Det er 12 oppgåver på kvart trinn, og når dei har vist at dei skjønner oppgåvene og visar løysinga, vankar det eit merke av den typen som oppgåvene namngir. (Bronse, sølv eller gull). Dei som løyser desse oppgåvene lærer ein del særst viktige ting når det gjeld sjakk.

Hå skulesjakk er no den tredje største skulesjakkklubben i Rogaland. Og då Skulesjakkutvalget i Rogaland arrangerte kretsmeisterskap (KM) på Sola Vidaregåande skule 26. oktober, deltok 17 av spelarane frå Hå. I alt var det 292 spelarar, noko som var ny rekord. Sjå bilete og resultat ein annan stad i bladet. KM er kvalifiserande for å delta på NM. Noregsmesterskapet for barn og ungdom 14-16. november vert også eit kjempestort arrangement,- 386 påmeldt no ei uke før det brakar laus. Frå Hå Skulesjakk deltok 10 spelarar.

Til våren skal me ha Hå meisterskapen 7.mars, der kan alle som bur i Hå kommune og går på skule delta. Hå skulesjakk er blitt utfordra til å arrangere KM for skulelag 21. mars. Det er 4 spelarar frå same skule på kvart lag, og det vert og eit stort arrangement.

Enno ein gang kan eg etterlyse vaksne som spiller sjakk,- me har prøvd torsdagar kl 1900 på Vigrestad etter skulesjakken,- men vi har bare vært 2 stk. Har du lyst å spele, så ta kontakt på mob 92617652

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



NM

NM i sjakk for barn og ungdom vart arrangert 14-16. november på Scandic Hotell på Forus. Her deltok 10 spelarar frå Hå Skulesjakk. Det var 7 aldersklassar. I eldste klasse vart bestemann frå Hå skulesjakk gjennom tidene nr 5, det var Martin Nilsen frå Vigrestad. Frå dagens aktive Hå spelarar deltok vi med to i klasse G (yngste klasse født 2005 og yngre), ein i klasse F, 4 i klasse E (født i 2003), ein i klasse D (2002) og to i klasse C for (2000-2001). Våre spelarar gjorde det ikkje så verst, men me hadde håpa på nokre betre plasseringar. I alt var det med 420 gutar og jenter, noko som er ny rekord. I yngste klasse deltok 110! Den store interessa for sjakk har nok samanheng med at Noreg har Magnus Carlsen som er verdas beste sjakkspelar

Resultata vart som vist nedanfor (dei 3 beste pluss Hå spelarar), alle fekk premie, denne gong var det ein stor sjakkbrikke i tre.

Endelig resultatliste gruppe G, 2005 og yngre		
Pl	Navn	Klubb
1	Ole-Christian Bakken Kran	OSSU
2	Max Dahl	SK av 1911U
3	Hugo Røste	Hamar Sku
28	Asle Kydland	Hå Ss
42	Livar Vigre	Hå Ss

Endelig resultatliste Gruppe F, 2004		
Pl	Navn	Klubb
1	Afras Mansoor	Søråshøg. Ssk
2	Julian Munk	Stavanger Sku
3	Jens Evang Ingebretsen	Holmestr. Skj
58	Sven Tobias Ueland	Hå Ss

Endelig resultatliste Gruppe E 2003		
Pl	Navn	Klubb
1	Isak Sjøberg	Nordstrand Sku
2	Sondre Pliksi	Moss Sku
3	William Sandberg Olsen	Moss Sku
38	Bård Kydland	Hå Ss
41	Oskar Feed Jakobsen	Hå Ss
48	Mads Even Hobberstad	Hå Ss
52	Arvid Feed Jakobsen	Hå Ss

Endelig resultatlisteGruppe D 2002		
Pl	Navn	Klubb
1	Andreas G Tryggestad	Nordstrand Sku
2	Daniel Nordquelle	Nordstrand Sku
3	Abyl Kizatbay	Stavanger Sku
60	Josef Auklend	Hå Ss

Endelig resultatliste Gruppe C, 2000-2001		
Pl	Navn	Klubb
1	Eivind X Djurhuus	Nordstrand Sku
2	Endre Machlik	Tromsø Sku
3	Eivind Olav Risting	SK av 1911U
37	Steffen Dybing Thune	Hå Ss
54	Roar Sola	Hå Ss

KM

I KM 26. oktober deltok 17 spelarar frå Hå Skulesjakk. Det var 7 aldersklassar, og våre spelarar gjorde ein flott innsats. Dei kom frå Brusand, Vigrestad, Nærbø og flest var frå Varhaug.

Resultata vart som vist nedanfor, alle fekk premie i krystall, dei 3 beste i kvar klasse fekk større og finare premier. 2 bilete er lagt ved.

Resultat fra KM i sjakk, 26. oktober på Sola VGS.

Gruppe A (født 1988-1997 og gruppe B (1998-1999)		
Pl	Navn	Klubb
1	Hanna B Kyrkjebø	Stavanger
2	Alsei t Kizatbay	Stavanger
3	Marte B Kyrkjebø	Stavanger
4	Vegard Øverås	Sandnes
5	Ludvig Br. Ellingsen	Stavanger
6	Andreas Fossan	Stavanger
7	Eivind Aartun	tavanger
8	Erling Dyrhaug Skjølås	Stavanger
9	Martin Saltvedt	Stavanger
10	Marlene S. Østebo	Stavanger Sku
11	Daniel Sinnes	Sandnes
12	Ruud Kuipers	Hå Ss
13	Eirik B. Bjelland	Sandved
14	Stian Andersen	Sevland

Gruppe C født 2000-2001 (31 deltakarar)		
Pl	Navn	Klubb
1	Henrik G Tallaksen	Stavanger Sku
2	Kristoffer Bråttveit	Stavanger Sku
3	Edvin Jarve	Stavanger Sku
4	Matias Grude Eriksen	Smeaheia SS
5	Sverre Skjølvingstad	Stavanger Sku
6	David Jess Linjord	Stavanger Sku
7	Benjamin Fossan	Stavanger Sku
8	Ole Andre Seglem	Sevland
9	Håkon Abeland Myrheim	Smeaheia SS
10	Roar Sola	Hå Ss
11	Sindre Idsø	Smeaheia SS
12	Jerlow Lytømt Jacobsen	Stavanger Sku

22	Steffen Dybing Thune	Hå Ss

Gruppe D født 2002 (25 deltakarar)		
Pl	Navn	Klubb
1	Abyl Kizatbay	Stavanger Sku
2	Aleksander Fossan	Stavanger Sku
3	Magnus Falck	Stavanger Sku
4	Aleksander Flåsen	Stavanger Sku
5	Ulrik Auklend	Stavanger Sku

20	Josef Auklend	Hå Ss

22	Isak Michal Røyland	Smeaheia SS

Gruppe E (født 2003) (16 deltakarar)		
Pl	Navn	Klubb
1	Sofie Løfaldli	Sandnes USK
2	Oskar Feed Jakobsen	Hå Ss
3	Sander Joa	Stavanger Sku
4	Charlotte G. Tallaksen	Stavanger Sku
5	Bård Kydland	Hå Ss
6	Trisha Ravi Dev	Stavanger Sku
7	Jørgen Bilstad Ødegård	Sandved SSK
8	Trygve Nilsen	Sevland Sku
9	Fredrik Lytømt Jacobsen	Stavanger Sku
10	Benjamin H. Lunde	Stavanger Sku
11	Ari Maman	Hå Ss
12	Mads Even Hobberstad	Hå Ss
13	Jone Ege	Hå Ss
14	Andreas Furuly	Smeaheia SS
15	Sverre Hestholm	Stavanger Sku
16	Arvid Feed Jakobsen	Hå Ss



Yngstemann fra Hå

Julekonsert Kathrine med venner

Da er vi klar for femte gang med julekonserter. Denne gangen blir konsertene helgen 5., 6. og 7. desember. Annethvert år siden 2006 har vi holdt konserter i desember.

I 2012 måtte mellom 50-100 stk snu i døren til Varhaug kyrkje, derfor var jeg fast bestemt på at vi skulle holde to konserter på Varhaug dette året. Fredag og Lørdag blir det konsert i Varhaug kyrkje, og søndagen i Oga kyrkje. Jeg gleder meg til å komme i gang! Det er som vanlig fri entre, og alt arbeidet med konsertene blir gjort

på dugnad. Publikum kan gi en gave under konsertene. Tidligere har folk gitt raust med kollekt, og i 2012 kom det inn hele 100.000 kr i løpet av konserthelgen. Pengene gikk da til Kpk Ukraina. Kollekten i år går til Ministries without borders Phillipines inc. Margit Askeland har et innslag under konsertene der hun forteller fra dette arbeidet.

Ministries without borders Phillipines inc er en kristen organisasjon som arbeider for å bedre situasjonen for de fattigste i Filippinene. Det drives et bredt arbeid.

Det er fantastisk å kunne være med å hjelpe andre som er i nød på denne måten, og i tillegg få formidle julebudskapet og gleden over at Jesus kom til jorden. Han som er med oss i glede og sorg, Han som gir oss styrke i hverdagen.

Vi ønsker å fylle hele kirkerommet med både lys, musikk og sang. Det blir varierte sanger alt fra Sigvart Dagsland og Carola, til julesanger i mer amerikansk stil. Som vanlig blir det fullt band med flere korister, de fleste er lokale folk som bidrar. Onar Paul Varhaug blir med som solist på flere av sangene.

Håper mange tar turen til kirken første helg i desember,

Velkommen skal dere være!

Kathrine Håland Varhaug

Bilde: Cathrine Lauritsen Sikveland

Hva er ungdomslaget?

Varhaug kristelige ungdomslag (VaKrU) er ungdomsarbeidet på Varhaug misjonshus. Her er alle ungdommer fra 8. klasse og oppover velkomne.

FREDAGER: Vi har «Åpe hus» hver fredagskveld fra 20.00 og utover. Kvelden består av spill, lek, drøs, kioskalg og godt lag. Når klokken er 22.00 har vi en kort andakt, ofte av «våre lokale helter».

LØRDAGER: På lørdager er det «ungdomslag». Kvelden starter klokken 20.00, og her har vi noe variert opplegg. Vi starter som regel med et møte eller en andakt etterfulgt av diverse aktiviteter. Se semesterprogram.

Som medlem av VaKrU får du gode priser på arrangementer og turer som ungdomslaget arrangerer. Det koster 100 kroner per år.

For mer informasjon, lik vår facebookside «Vakru – Varhaug Kristelige Ungdomslag», eller følg oss på instgram «vakru».rt



Kva skjer på Lerbrekk?

Det skjer mykje på Lerbrekk, både internt og med utleige. Siste sundagskafé dette året var **sundag 2. november**, og mange fann vegen til Lerbrekk også denne sundagen. Når det er surt ute, er det ekstra kjekt å ha kaffien saman med andre og slå av ein triveleg prat. Neste gong det er sundagskafé er **sundag 2. februar 2015**.

Lefsebakinga vart tidleg dette året. Allereie 22. oktober var «gjengen» i god gang med baking og vasking. Og det vart ca. 70 lefser som me gled oss til å smaka på gaudafesten, jule-trefesten og årsmøtet. Desse gode lefsene er berre til internt bruk, understrekar Sigbjørn. Nokre spør om dei kan få kjøpe, men dei er ikkje for sal. (Gå på bakekurs og lær kunsten sjølv. Bygdekvinnelaget arrangerer bakekurs.)

Alt på Lerbrekk skjer på dugnad. Og dei som har mest å gjere utanom Sigbjørn Varhaug, må utan tvil vere vaskegjengen. For her er mange ulike arrangement som det skal vaskast etter. Det er gildt at skulen blir mykje brukt, og det verkar som folk kosar seg.

JULATREFESTEN blir søndag 28. desember 2014 kl. 16.00.

Det blir andakt av Marie Lie Harbo, som er lærar på Motland. Gang rundt juletreet til dragspelmusikk av Agnes og Olav. Servering (posar til ungane). Inngangspengar. Heile familien, også besteforeldre, er velkomne.

Vennelaget har eiga Facebook-side der me legg informasjon.

Brit



O.G. Nord-Varhaug & Co. AS

Som me skreiv i sist nummer, skulle me koma til bake til denne saka. Bygget er nå oppe, mein ein reknar ikkje med at det er drift i bygget før til sommaren. Men me kan likevel nå fortelja at her skal koma ei herdeavdeling for gravemaskintener. Det kjem og eit maskineringssenter i tillegg til herdeomnen. Det vil koma 2 robotar og ein reknar med 2 personar i arbeid. O.G. har gjort ein 10 års avtale med eit japansk firma; KVV Komatsu, med opsjon på 5 år til.

Det skal verta spanande å fylgja denne gamle verksemda i tida som kjem.

Internatet



Det vert årsmøte i Internatet onsdag 26. november. Eigarlaga har fått innkalling.

Årsmeldinga syner eit aktivt og godt år for Internatet, som har god økonomi. Det er gjort eit omfattande arbeid på bygget i sommar, der fronten mot nord fekk ny kledning i tillegg til 3 nye vindaugo. Dette kunne me gjera takka eit stort tilskot frå Time Sparebank på kr. 50.000, samt tilskotet frå Hå kommune. Utan om å setja opp veggplatene, som er gjort av fagfolk, er alt arbeidet gjort på dugnad. Etter at me installerte varmepumper i bygget, er straumrekninga redusert ein god del. Det er og kome røykvarslarar i alle etasjane, og bygget er nå ein god plass å vera for både leigetakar, og som styrerom for eigarlaga; bondelag, bygdekvinnelag, BU og 4H.

Helsing Internat styret

Kunst & Kult på Lerbrekk

18. og 19. september 2014 var det for sjette gong arrangert utstilling av ulike kunstnarar.

Denne utstillinga som Liss Mona Wammer-Pettersen og Viola Krause Mellemstrand starta opp med i 2009, har dette året hatt med åtte ulike utstillarar. Dei starta opp med mottoet om å laga noko kjekt midt i ein mørk haust. Og etter folkestraumen som var heile denne helga, ser det ut til at det har slått an med å lage til noko som lyser opp. Her kom folk langvegs frå, ja, heilt frå Åna-Sira, Lyngdal og Farsund.

Alt ved inngangen til skulen vart me møtt med dekora-sjonar av pil og blomar. Inne i skulestovene var det ulike handverk av pil, vev, filt, akvarellar, keramikk glaskunst og barneklede. Ja, endåtil vedskjul og utedo var teke i bruk til utstilling. Ingen tvil om at damene er kreative. Noko for ein kvar smak. Målet med utstillinga var at det skulle vere ei inspirasjonsutstilling. Og felles for alle kvin-nene er at dei er stolte av handverket sitt.

Utstillarane var veldig godt nøgde med både frammøte og sal. Og dei var fulle av lovord om mottakinga dei fekk på Lerbrekk av Sigbjørn og Astrid Varhaug og andre frå Vennelaget som stilte opp for utstillinga. –Me blir så godt tekne imot her. Heile plassen og miljøet er berre fantastisk til å setje rame om utstillinga vår, sa Monas Liss Wam-mer-Pettersen ved slutten av utstillinga.

–” Gode gang”, heila helga på Lerbrekk. Me brukte 88 egg til vaffelkakene, seier Astrid G. Varhaug søndag kveld etter at alt er over. Nytt av året var det at Vennelaget stod for kaféen, og dei hadde meir enn nok å gjere med å steikje vaflar og servere kaffi kokt på gamlemåten i god, gamaldags bedehuskjel.

Brit Obrestad



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi
v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15

TLF: 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Haustfest i Svala 4H



Fredag 17. oktober var det dekket for haustfest i Svala 4H på Varhaug barnaskule.



10-åringane får aspirantmerke

57 utstillinger som medlemmene hadde laga var i gymnasalen. Det vart åresalg, mat og utdeling av merke. Hanne Borsheim fekk plaketten. Hanne har gått 9 år på 4h. Ho har vore aspirant i to år, junior i tre år og senior i fire år. Over 300 gjester kom på festen. Det blei servert lapskaus

frå Skrettingen og lappar og kaker medlemmane hadde laga. Frå åresalget fekk me in 19 370. 25% av dette vil gå til 4H sitt samarbeidsprosjekt i Sambolabo og 25% til kreftforeininga og resten går til klubben.

Kristin



12-åringane får bronsemerke



Mange av dei flotte oppgavehjelparane



11-åringane får aspirantmerke



13-åringane får solmerke



*Hanne Borsheim
får plaketten*

Førjulstida i Stuelandbygget

Fredag 28.november serverer Asbjørn tante Liv sin gløgg frå kl seks og utover kvelden. Etter at korpset har vore med og tent julegrana ved Rådhuset, kjem dei ned og har ein mini konsert for oss. Kom inn i varmen og få litt julestemning!

Lørdag 29.november selger me grøt frå kl 11 til kl 13.

Då blir Martine Nord Varhaug med og spelar koseleg julemusikk for oss.

Lørdag 13.desember kjem familien Ravndal frå Ålgård og lagar julestemning med fin julemusikk, samtidig som Gordon selger grøt frå kl 11 til 13.



Foto: Johan Inge Haukland

STUELAND  **BYGGET**

 **FIX IT FRISØR**
Hår - Sminke - klær

 **LOTUS**
BLOMSTER & GAVER

 **ditt apotek**
– vi gir deg bedre helse

SpareBank
SR-BANK 

Lars Gaute Sport
sport 1

 Storm
tjenester

 Fotograf Haukland

 **VARHAUG**
hud & fotterapi

SPAR 
Varhaug

VARHAUGS
Pulsen
– He du puls, he me trening!

www.stuelandbygget.no



R. Skretting - ny butikk

Torsdag 2. oktober kunne familien Skretting ynskja velkommen til den nye butikken.

Det var høgtidsam opning med ordføraren, som ikkje klypte ei vanleg snor; nei her måtte det sjølvstekt vera ei pøse-rekke, Barnehagen var på plass med song, og elles var mykje folk møtt opp. Både for å sjå, men og for å få smaksprøve. Her vart det servert lapskaus og fløytekake heile dagen. Varhaugbuen vil ynskja Reidar og Håvard til lukke med ny flott butikk, og reknar med at bygda folket vil støtta godt opp denne.

Nytt produkt i butikken var brød frå Jærbaker'n, og sandeleg framover mot jul kan du her og kjøpa gode gamaldags julekaker frå same bakaren. Litt uvanleg blanding vil kanskje mange seia, men eg tykte det var kjempelurt. Kvifor ikkje laga til ein litt annleis butikk her på Varhaug?

NB! Her kjem reklamen; Kakene og brøda er kjempegode, som alt det andre i butikken!



"Speedway-Cross"

Kæ æ dæ for nogle løgnasgreie?

Jau – det er en fiks ide noen av ildsjelene på Elgane fekk. Cross-gruppa har et par vintere tidligere brukt speedwaybanen til å kjøre trening «for løye». God stemning og litt spesielt med flomlys og en litt annerledes trening.

Dette året har det blitt tatt til et nytt «level» så ungdommen seie. Fire tirsdager på rad arrangerer Elgane løp på speedwaybanen, med cross-sykler. Det kjøres heat som på et speedwayløp, og deles ut poeng. Det blir delt ut sammenlagt priser i alle klasser etter at alle fire dagene er ferdig. Resultatet blir lagt ut på vår heimeside og på facebook.

Ellers har cross-gruppa hatt dugnad for å gjera banen klar for vinteren (les – før frosten kjem). Masse har blitt flytta, svingar renska opp m.m.

Sesongen er på hell men anlegget er framleis oppe - trening kvar sundag frå 1200-1600 så sant det ikkje vert rennedrev.

Tradisjonen tro arrangerer Elgane sin årlige julebasar **LØRDAG 13. Desember kl. 12.00.** Me har mange flotte gevinster gitt av sponsorer og det lokale næringsliv. Hovedgevinsten er som alltid en sykkel fra Lars Gaute Sport, sponset av Enevald Skretting.

Etter stor suksess i fjor blir det åresalg på basaren med eget gevinstbord beregnet for de minste. Det blir servering av grøt, saft og pepperkaker. Alle velkomne!

Elin H.



SLÅING • RAKING • PRESSING
DIREKTESÅING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

FARGERIKE
Halvorsen



Siste nytt frå Varhaug Bygdeungdomslag

26.-28. september var det nye styret på høstkurs i regi av Rogaland BU for å lære om styrearbeid. Me har hatt ein rolig start på året, med bare et par spelekelder på Internatet.

For øyeblikket held me og på med oppussing av BU-loftet ved å leggja ny parket, samt et strøk med malerkosten.

Framover skal me bl.a ha tevlingsdag for 4H og juleverkstad.

Styret består av :

Leier: Olav Varhaug

Nest leier: Leif Egil Siqveland

Kasserar: Eirik Varhaug Jr

Styremedlem: Marianne Varhaug

Styremedlem: Maren Arnes

Styremedlem: Kristine Aanestad

Vaktmeister : Martin Hobberstad



Årsmøte Varhaug Bondelag

Geir Erik Ånestad held fram som leiar i Varhaug bondelag

På årsmøtet 16. oktober valt Geir Erik attvald som leiar for bondelaget. Med seg i styret har han: Lene Iren Rangen, Thomas Vagle, Magnus Ånestad, Ole Terje Årrestad. Vara: Lenita Salte, Målfrid Aksdal og Håkon Varhaug.



Lenita Salte,
Sonja Herigstad
Skårland, Rogaland
bondelag og
Lene Iren Rangen

TIME SPAREBANK
- for Jæren

En av våre styrker er at vi kjenner jærbuen, og vi tror jærbuen kjenner oss etter mer enn 100 år med bankdrift.

En alliansebank i eika.



Vennelaget for Lensmannsgarden presenterer:

20/11 Juleverkstad for vaksne. Med blomsterdekoraar.

28/12 Romjulskonsert med Silje E. Varhaug, Sonja-Beate Egge, Steinar Mossige og Liv G. Skretting

22/1 Konsert Vind i Gardhol

Vi jobber med å booke arrangement 19/2 og 19/3.

17/5 Kulturkveld

6/6 Loppemarked (Lopper ønskes, kommer mer info)

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

"LIK" Kultur i Løå på Facebook

Loppemarked på Låven på Varhaugmarken lørdag 6. juni

Loppemarkedet er eit samarbeid mellom Varhaug Skulemusikkorps og Vennelaget for Lennsmannsløå

Meir info. i neste nummer av Varhaugbuen.

"Møje" på gang

Kalenderen viser november, klokka er stilt tilbake og dermed vart det raskt kortare dagar. Men kvar årstid har nå sin sjarm. At det nærmar seg jul, kan me allereie sjå i butikkane, der julebrus og julekaker står godt synleg. Vel tidleg, spør du meg.

Bygdekvinnelaget har hatt årsmøte, og det lukkast ikkje å få ny leiar i laget etter Eva Aniksdal, som takka for seg etter 2 år. Men laget fortset med dette styret:

Nestleiar Aud Bratland Bø og sekretær Oddbjørg Skrettingland, attval.

Kasserar Bjørg Reime Håland og studieleiar Lenita Salte, ikkje på val.

Styremedlem Liv Johnsen Reiestad, ny.

Det var og attval på Grete Skretting som første vara.

Me vil prøva å gjera vårt beste for laget dette året. Saman skal me dra lasset med håp om at de me får ny leiar neste år. Me trenge bygdekvinnelaget!

Oktobermøtet var i Løestovå med Trine Taksdal, der tema var «Høstens Grøde». Ein gild kveld, med mykje god mat.

Torsdag 27. november vert det kombinert ad-vents- og julemøte i løa hos Kari og Lars Nord-Varhaug. Lotus Blomster vil dekke eit julebord, og syna advent og julepynt. Menyen vert grøt og heimelaga julekaker, og sjølvsaugt syng med julesongar. Det vert ikkje tradisjonelt julemøte i desember.

Onsdag 4. desember skal me til Klokkekarhagen og baka julekaker.

Torsdag 29. januar 2015 er me tilbake i Løestovå med kåseri av professor Inge Bø «Snu vansker til det positive». Merk dykk dagen alt nå, slik at de ikkje går glipp av denne kvelden.



Varhaug bygdekvinnelag

Torsdag 26. februar er det meininga at overlege Martin Kurz frå slagavdelinga/SUS skal ta for seg «Når ein får slag». Men OBS!: Her kan det koma ei endring.

I mars er det sonemøte på Klepp, dato ukjent.

Onsdag 22. april – merk dagen, møte saman med Hagelaget på Felleskjøpet. Tema: «Jord, gjødsling, sprøyting til hage» v/ Kristin Nærnes frå Nordic Garden.

Torsdag 28. mai vert den årlege turen.

Så litt anna info: **Gå-gruppa** er i god gang. Me møtest på Iden kvar måndag kl. 09.30.

Trimmen med Sissel Høien kvar tysdag kl. 10.00-11.00 i gamle Salen på Iden.

Strikke kafeen første mandag i månaden i Løestovå frå kl. 16.30.

Kom og vær med oss!

I september var me 5 damer frå bygdekvinnelaget saman med ei bakegruppe frå 4H i Løå på lensmannsgarden og baka saman. Over 40 jenter og gutar møtte opp. Me laga lappar, potetkaker og nordlandslefse i lag, og her var det mange gode «bake-ebne», som var veldig lærevillige. Dette var gildt, så den oppgåva tek nok bygdekvinnelaget gjerne opp att.



K U R S

(Påmelding til Lenita Salte tlf. 41 44 70 71)

Torsdag 8. januar 2015 startar bunadskurs over 8 kveldar, i skrivande stund er det ein ledig plass.

Måndag 12. januar startar kurset «Korleis redigera bilete frå kamera til datamaskin og laga system». Kurset går 3 måndagar, altså 19. og 26. i tillegg.

Måndag 16. februar syr me veske av kaffiposar. Dette er berre ein kveld.

Så vil me ynskja alle ei fin tid fram mot jul, og eit godt nytt år!

For styret: Oddbjørg



Kultur på Løå

Mimring om Varhaug på 50-70 talet

Torsdag 23. oktober var Leif Reiestad, ein utflytta Varhaugbu, i Løa på Lensmannsgarden og fortalde minner og historier frå oppveksten på Varhaug på 50, 60 og 70-talet.

«Leif te Larse» var sonen til Inger og Lars Reiestad. Han vaks opp i «Stassjoen» på Varhaug, rett ved Misjonshuset, og var altså «Stassjons-onje». Leif Reiestad er ein forteljar-kunstnar akkurat som faren var det. Han fortalde på ein levande måte lune og morosame historiar om folk på Varhaug, og det gjekk ikkje lenge mellom kvar gong latteren fylte Løestovå. Det er utruleg gildt å høyra folk som har ein slik forteljarevne, og også har evnen til å hugsa detaljane som gjer historiane levande og morosame. Leif fortalde om ein trygg oppvekst på Varhaug med gode minner om folk og bygd. Han hadde laga ei kart-skisse over «Stassjoen» på den tida, slik at alle kunne fylgja med på kor dei ulike hendingane som vart omtala var. Før foredraget fekk dei 70 tilhøyrarane høyra flott **song av Asta Herredsvela frå Brusand akkompagnert av Andreas Jara på piano**. Etter foredraget vart filmen Asbjørn Stueland laga frå Varhaug på 50, 60 og 70-talet vist. Programmet var godt og innhaldsrikt, og drøsen gjekk livleg i småpausane. Dette arrangementet føyer seg fint inn i rekka av vellukka «Kultur i Løå»-arrangement.

Kjetil Skettingland



Lennsmannsløå ungdomsklubb



I haustfeieuka reiste ungdomsrådet, og nokre ungdom frå ungdomsklubbane, til Wegliniec i Polen. Dette var ei utveksling med fokus på toleranse og ytringsfridom.



STUDENT kafeen
Lennsmannsløa Varhaug

God mat i trivelege lokale

Løesuppe kr 40,- Kake, drikke kr 5,- Fyrsteslåtten kr 40,-



Sterk Thai/kyllingsuppe med chili, kokosmelk og grønnsaker. Serveres og med foccaciabred



Kakao, kaffe, te, saft, dagens kake og kjeks



Pastasalat med kylling. Serveres med pesto, aioli og foccaciabred

Me har ope frå 13.00 - 16.30 desse måndagane:
27.10., 03.11., 17.11., 24.11., 01.12., 08.11., 15.11.

Lennsmannsløa Varhaug
Kafeen vert driven av Hå Kulturtorg, saman med ølver frå Vigrestad og Varhaug ungdomskule som har foget "restaurant og matfog" i utdanningsval dette året

Me fekk besøkja tv-stasjon, fekk besøk av tv og kom på tv. Utanom dette, hadde me workshops om tema saman med Polsk ungdom. Dette vart ei svært lærerik veke, der mange nye vennskapsband blei knytt

Studentcafe

Elles har mange merka at me har starta kafe i Lennsmannsløa. Dette er eit samarbeid mellom Vigrestad og Varhaug ungdomskule og ungdomsarbeidarane på kultutorget.

Når ungdommane har utdanningsval restaurant og matfag, får dei i grupper bli utplasserte sjå oss ca 4 gonger, der dei lagar mat og sel til dei som kjem.

Dette tilbodet vert måndagar før jul, og ein del måndagar etter jul. Så lang fungerer dette fantastisk, og me har auka salet enormt. Velkommen innom skal de vera, et her eller kjøp med dykk heim om de vil



Fleire venta utanfor og skrapte på vindauga, då dei syns opningstida var noko sein.



Nokre av songarane og skodespelarane frå musikkvideoen.



Nokre av songarane og skodespelarane frå musikkvideoen.

Halloween

29. oktober arrangerte ungdomsklubben Halloween. Over 50 ungdommar frå Hå deltok, og mange uhyrleg flott utkledd.

Det blei ein fin kveld med grøssarrom i siloen og litt tid til eting quizz og slikt.

Hiv o hoi, dette gjekk i ein fart Liv. Som du ser har me så uendeleg mykje på gang. Mange kurs kjem no onsdagar fram til februar og anna på gang og ;)

Monica Cecilie Herredsvela

Hå kulturskule

Onsdag 26. nov arrangerer Hå Kulturskule ein konsert med jærseke songar. (oppslag og info kjem etter kvart)

Me i ungdomsklubben har i den anledninga laga ein musikkvideo med utgangspunkt: Vind i Gardhol «På Jæren me putla å græve»

Me har laga eigne vers mellom originalversa, og «putla» inn ein del eigne videosnuttar og. Ein koseleg video det vert kjekt å syna.

Onsdag 12.11 hadde me sy-kurs i løa. Dei som ville fekk koma innom og sy seg lue eller klede. Det kom 17 gitar og 4 jenter innom symaskinane, og over 30 luer blei til, samt ein kjole.

Han som var ivrigst fekk sydd seg 7 luer til julegåver og seg sjølv.

Full konsentrasjon
særleg legostoffet blei populært

Onsdag 19.11 får me besøk av ein hundebokforfattar, som vil snakka om nettopp: hund. Framover vert det fleire kurs både på Varhaug og Nærbø (Loen Ungdomsklubb)





"King of the swing 2014"

I haust har alle 9. klassane i Hå fått besøk av swing instruktør Steven Karlsson. 6 gonger 1,5 time i veka har dei lært og terpa på dansen.

Fredag 14. november møtte dei til konkurranse i Varhaug-hallen. Dommarar var Aleksandra Kaukarina (kjent frå Skal vi danse på TV2, Sondre Olsen Bye (tidlegare jr.VM i swing), Sandrine Lambin Gagnon (Kanadisk mester i swing og Lars Sigurd Tjelle (soknepresten på Nærbø). 18 par vart til 14 etter innleiande rundar, 14 par vart til 6 etter semifinalen. I finalen var det 2 par frå Varhaug og 4 frå Vigrestad. Vigrestad tok storeslem. I tillegg til pris som «Beste heilagjeng» stakk dei av garde med både 1. 2. og 3. plass og fekk vandrepokalen for beste lag innsats.

Den hadde dei eit napp i frå tidlegare. Her er vinnarane: 1. plass: Tobias Haugland og Hanne Nilsen. 2. plass Ingolf Høyenes og Maren Knutsen og 3. plass Morten Hegelstad og Ina Vold.

Sparebank 1 SR Bank sponsa alle premiane.

Etter konkurransen gjekk dei vaksne heim, og ungdomen fekk fortsetja med disco og dans til kl. 23.00. Mykje lys og lyd!



Vinnerparet

"Det store Korslaget"

"Det Store Korslaget", er ein sang konkurranse mellom 7. klassane i Hå, der vinnaren går vidare til Storstova på Bryne og konkurranse med andre Jær-skular, torsdag 27. november kl. 10.30. Desse var med: Vigrestad, Ogna, Motland, Bø og Varhaug. Til finalen kom Motland, Bø og Varhaug, og etter ny sangrunde, var det Varhaug som gjekk av med sigeren. **GRATULERAR!**

(Meir om dette i neste nummer.)



Advents - kafe

for hjelp til Russland vert lørdag 6. desember kl. 12.00-17.00 i garasjen på Kydland hos Solfrid og Berge. Det vert sal av graut og mykje heimelaga mat. Som tidlegare år, vert det og basar. Pengane går uavkorta til stiftelsen "Hjelp til Russland". Husk varme klede, sidan kafeen er ute i garasjen. Alle velkomne

Varhaugmarken

30 stk frå foreningar, lag og bedrifter møtte 11. november til møtet som Varhaugbuen og Varhaug bedriftsforening hadde kalla inn til om framtida for Varhaugmarken. Det vart eit gildt møte med god diskusjon og mange innspel under gruppearbeidet.

Rådmann Anne Marie Berge Ims opna møtet, og syntte bilte og fortalde frå eit prosjekt i Randaberg, som nok kan vera ein inspirasjon for styret for Marken. Nå står det berre att for Reidar Skretting og få med seg nok folk i styret, slik at me kan presentera eit godt program for Varhaugmarken 2015, som vert arrangert 5. og 6. juni, i første nummer av Varhaugbuen 2015. Å arrangera Marken kostar pengar, og så langt har Varhaugbuen og Varhaug bedriftsforening ytt eit tilskot på kr. 10.000 kvar. Er det nokon der ute som har lysst å gi noko, så berre ta kontakt med Reidar Skretting 41 93 34 46 eller reidar@rskretting.no

Nok ein flott konsertkveld i Lensmannsløå

Denne gongen var det Hå kulturskule med, som songlærer Kathrine Imerslund kalla det; konsert for unge talantar. Og her var det mange talantar frå dei aller yngste og opp til dei to som slutta av med flott song: Marie-Elise Herredsvela som starta på universitet i haust og Maria Leonora Våland som har kome til i finalen i UMM.

Eg har vore på mange slike konsertar opp gjennom åra, har 4 ungar som alle har spela eit instrument i kulturskulen. Men dette trur eg er den beste og finaste konserten eg har vore på. Her var det piano, saksofon, fløyte, fiolin, trompet og trombone i tillegg til song av høg kvalitet. Ingen tvil om at det er mange dyktige musikklærarar i skulen. Takk til alle dykk som ga oss tilhøyrarar ei minnerik og flott oppleving. Liv

Korps er gøy

Dette er mottoet til Varhaug skulemusikkorps, som trass i alt for få musikantar dei siste åra, likevel gjer det godt. (sjå innlegget frå Stavanger Open)

Då skulen starta i haust og fram til haustferien, hadde dirigenten for korpsset, Lars Ole Bergersen saman med to andre lærarar i kulturskulen: Alexander Slabinsky (treblås) og Nigel Fielding (trompet) musikktilmar for 3. klassane på Varhaug. Eg var på minikonserten dei hadde i oktober, og det var gildt både og sjå og høyra kor flinke dei var. Til og med marsjering hadde dei lært. Ikkje tvil om at det er rekrutteringa til skulekorpsset dei tenker på. Så står det berre att å sjå om desse musikktilmane gjer meirsmak.



ALLTID BEST SAMMEN

Hallbasar 2014

Velkommen til årets

Hallbasar på
Varhaug Idrettslag
Søndag

30. november
kl.13.00

Loddsalget er torsdag den
20. november fra kl. 17.00

Lodd kan også kjøpes på
Idrettshuset
Mandag, tirsdag og torsdag
kl. 08.00 - 21.00
Onsdag og fredag
kl. 08.00 - 15.00

Program:

12.45: Hallbasaren åpner
13.00: Idrettsskolen opptre
13.20: Turnen opptre
13.30: Servering
14.15: Minikoret opptre
14.30: Trekning

Vel møtt!



Elgane Julebasar

vert på Elgane lørdag 13. desember kl. 12.00

Flotte gevinstar gitt av våre sponsorar og
lokale næringsliv.

Det vert åresal og grøt.

Alle velkomne!

Seniordansen

Har fast øvingsdag tysdag føremiddag kl. 10.00. Har du lyst å trimma danseføtene litt, så er det berre å møta opp på mødeplassen til god instruksjon av Kirsten Nord-Varhaug.

Bingo og kortspel



Kvar måndag kan ein både spela kort og bingo på Mødeplassen i gamla handelslaget. Det er ein fast gjeng som møtest kl. 12.30 til både «kråga» og andre spel, men det er rom for fleire. Kl. 15.00 starta bingoen. Her er det og helst ein fast gjeng, men det er massevis av plass for fleire. Honnør til alle frå Vigrestad som trufast møter opp. Det er sikkert fleire på Varhaug og som hadde hatt godt av bytta stova ei stund. Alle er velkomne.

Julegrana

28. november kl. 17.30 vert julegrana
tent utanfor Rådhuset

- Det vert ord for dagen
- Skulekorpsset spelar
- Gang rundt treet
- Nissane kjem med pakkar

arr. koret Hananja



Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
24. februar

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

**Sender du Word dokument
må bildene vedlegges som
egne filer i JPG format.**

Til nye abonnentar:

I første nummer av Varhaugbuen kvart år, ligg med ein giro.

Her kan lesarane gje ei gåve til bladet, prisen bestemmer de sjølv. Men prisen på abonnement er kr. 200 for året.

Litt nytt i Sentrumsgården

Monica, i Monicas frisør, er i barselpermisjon, og skal etter permisjonen starta på Klyppe-loftet. Difor er det nå kome ny frisør i Sentrumsgården;

Elin frisør

Gildt med noko nytt, så slepp garn- og leikebutikken vera så aleine. Her finn de og mykje fint som julegave.

Det er framleis høve til å få middag i kafeen, både kvardag og søndag.



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55

Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30
Søndag 10.00 - 22.30



Me har julegåvene

NB! Utstyret følger ikke med

 **butikken**
www.mer enn du tror.no

Mollevæien 2-4 - Varhaug - Tlf. 51 77 14 70